


Meir himmel på jorda

Årsrapport for TRUSOPPLÆRINGA

i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn

2023

LYS
VAKEN



STØRST AV ALT



KONF
IRM
AN
✱



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

2023 vart eit innhaldsrikt år for trusopplæringa i dei tre sokna våre Sjernarøy, Talgje og Hesby. Til saman er 519 born og ungdomar mellom 0 og til og med 17 år medlemmar i sokna våre.

I trusopplæringsutvalet dette året har Marianne Mjølhus frå Sjernarøy sokn, Margunn Hovda frå Talgje sokn og Kjetil Sevheim og Turid Angelskår Lauvsnes frå Hesby sokn vore med. Reidun Aabrekk Bråtveit er tilsett i ei 50%- stilling som trusopplærar i dei tre sokna og har det meste av ansvaret knytt til trusopplæringa fram til ungdomsskulealder.

Diakonmedarbeidar Ingvild Angelskår Moen har dette året, i tillegg til ei eiga ressursgruppe av frivillege, hatt ansvar for Open Hall. Prestane våre, Ola Aasland Vold og Terje Engstrøm, har hatt hovudansvaret for undervisninga av konfirmantane. Ingvild A Moen og Brenda Talgø Kolstadløyken har saman med prestane hatt undervisning nokre gongar etter skuletid.

Prestane våre har i tillegg til konfirmantundervisning, hatt dåpssamtalar, vore på skulebesøk, delteke på skulegudstenester og gudstenester knytt til trusopplæringstiltaka våre. Prestar og trusopplærar samarbeider tett i planlegginga og gjennomføringa av familiegudstenester og øvrige tiltak. Frivillege har lagt ned tid og krefter i mange av tiltaka våre. Innsatsen frå frivillege er uvurderleg. Nokre av tiltaka våre kunne ikkje vore gjennomførte i det heile, eller med like mange deltakarar, utan hjelp frå frivillege.

Me ser at mange av tiltaka våre er populære og at det er godt oppmøte. Me legg også merke til lågare oppmøte på samlingane i vekedagane i forkant av utdelings-gudstenester. Det synes vanskeleg for småbarnsfamiliar å få til å kome ein ettermiddag/kveld på eingongs-arrangement. Erfaringar me har gjort, er at samarbeid med allereie eksisterande tiltak gir auka oppmøte. Dei siste åra har me difor invitert til fellessamling med Hobby og Tru på Fogn, Barnelaget på Sjernarøy og Barneglede på Ombo, som vert drive av frivillege. Trusopplærar har då andakt og øver på nokre av salmane til gudstenesta medan opplegget elles er slik borna er vande med. Ved å invitere alle i aldersgruppa 1-9 år, kan ein såleis også rekruttere dei yngste til å bli med på desse arrangementa når dei er gamle nok.

Me samarbeider óg med andre fritidsaktivitetar og frivillege organisasjonar, som søndagsskulen og KFUK/KFUM-speidarane. Me ser at samarbeid med andre organisasjonar og fritidstilbod for born, gir auka oppslutnad på familiegudstenestene våre og andre kyrkjelege arrangement der desse deltek eller er spesielt inviterte (t.d. barnekor på Me syng jula inn eller speidarar på speidargudstenestene våre).

Me har trusopplæringstiltak for alle aldergrupper frå 0 år til ungdomar i 10. klasse. Her følgjer ei oppsummering av året:

Dåp og dåpssamtale



Tala her er basert på dåpssamtalar og dåp før fylte ett år. Dåpstala generelt er noko høgare, då både konfirmantar og vaksne har vorte døypte dette året. Tala for 2023, fordeler seg slik: Hesby 20, Sjernarøy 9, Talgje 4.

Babysang



Babysang finn stad på biblioteket på Finnøy ca annankvar torsdag, og målgruppa er 0-åringar fram til dei fyller 1 år. På babysang møtast babyane og småborna saman med foreldre/føresette til song og sosialt samver. Repertoaret er songar og regler både med og utan kristent innhald. Målet med tiltaket er å gi foreldre/ føresette hjelp til å synge songar med trusinnhald og bønner i heimen. Vidare ynskjer me å gi born og foreldre/ føresette ei positiv oppleving gjennom samver, song og musikk og å vere ein møteplass for småbornsfamiliar frå alle

øyane. På biblioteket er det god plass, og det er kort veg til båt/ ferje. Tidspunktet er tilpassa båt- og ferjeruter.

Antall frammøtte varierer, med alt frå éin eller to til opp mot sju-åtte frammøtte. Til saman har 11 frå Hesby, 5 frå Talgje og 5 frå Sjernarøy vore innom ein eller fleire gongar dette året. Gjennomsnittet på frammøtte ligg på 4-5 kvar gong. Det skjer naturlege utskiftingar av deltakarar gjennom året ettersom borna veks og nye vert fødde.

Samling for 2- åringar

Toåringane i Hesby sokn inviterast til ei samling i kyrkja veka det er familiegudsteneste. Her får dei utforske kyrkja, slik at dei kan kjenne seg heime her. Dei får høyre ei bibelforteljing og øve på nokre av songane og salmane som brukast i den påfølgjande gudstenesta. Toåringane får ei bok anten på samlinga eller gudstenesta. Dette året fekk dei boka "Krølle på tur", som handlar om sauene som gjekk seg bort og vart funnen att. På samlinga vil me formidle at borna er elskja av Gud og at dei høyrer til hjå Han. I år var det ingen toåringar som kom til samlinga midt i veka, men to kom på gudstenesta på søndag. I Talgje og Sjernarøy sokn inviterast toåringane til samling før hausttakkefesten og til hausttakkefest. I år fekk dei ein plakat med ei bøn.



Samling for 4- og 5-åringar



I Hesby sokn vart borna inviterte til ei ettermiddagssamling midt i veka. Dei fekk høyre og sjå forteljinga om Sakkeus dramatisert, og dei fekk lære meir om nattverd og om kyrkja. Tre 4-åringar og ni 5-åringar deltok anten/eller her og på gudstenesta. 4-åringane fekk utdelt barnebibel, og 5-åringane fekk ei klistremerke-bok.

4- og 5- åringane i Talgje og Sjernarøy vart inviterte til samling før hausttakkefesten og til hausttakkefest på søndagen. Også dei fekk bibel eller klistremerkebok. Fem 4-åringar frå Sjernarøy og tre frå Talgje kom. Frå Talgje deltok fem 5- åringar og frå Sjernarøy tre.



Hausttakkefest

I alle gudstenestestadane våre er det kvart år hausttakkefest. Dette synes å vere eit høgdepunkt for mange i kyrkjelydane. Førsteklassingane og 2-åringane i Hesby og alle born 1-9 år i Talgje og Sjernarøy sokn vert inviterte til hausttakkefesten. Borna oppmodast til å ta med seg frukt, grønsaker, blomar og liknande til kyrkja denne dagen. Dei går i prosesjon inn og pynter med haustens avling ved altarringen. Førsteklassingane får boka "Tre i eit tre" frå kyrkjelyden. 9 førsteklassingar i Hesby kom. I år fekk 7-9åringane i Talgje og Sjernarøy oppfølgaren til denne; "Skatten i Liljedal". Før hausttakkefesten, inviterte me 1-9 åringane på Fogn til samling saman med Hobby og Tru, på Ombo til samling med Barneglede og på Sjernarøyane til samling med Barnelaget. Til saman deltok 29 born i aldersgruppa 6-9 år i kyrkjelydane i Sjernarøy og 25 born i same aldersgruppe i Talgje kyrkjelydar.



Påskevandring på Nordre Vignes

Me er heldige å få kalle påskevandringa på Finnøy for trusopplæringstiltaket vårt for 2. trinn. Også i år fekk me vere med på vandring der me fekk sjå påskebodskapen dramatisert på Nordre Vignes på Finnøy palmesøndag. Andreklassingane vart inviterte til vandringa, og fekk denne søndagen utdelt ei fargeleggingsbok om påska. Sidan dette er eit stort arrangement, er det vanskeleg å få den fulle oversikta over kven som kom, men dette er antall registrerte frammøtte andreklassingar denne dagen: Hesby 17, Talgje 4 og Sjernarøy 1.



Tårnagent



Tårnagent er tiltaket vårt for 3. trinn. Her vert tredjeklassingane i alle sokna våre inviterte til ein laurdag med kjekke aktivitetar i Hesby kyrkje. Tredjeklassingane skal vere detektivar og løyse ulike oppdrag i kyrkja. Målet er at tårnagentane skal få kunnskap om og kjennskap til kyrkja, både når det gjeld arkitektur og kyrkjelege tradisjonar. Dei får óg lære om kristne symbol og symbolbruk i kyrkja. Vidare vart

tårnagentane inviterte til gudsteneste i kyrkja dei høyrer til. Nokre av dei fekk leseoppgåver i gudstenesta.

Pinse for alle



Fjorten fjerdeklassingar (Tre frå Talgje, ti frå Hesby og éin frå Sjernarøy) og tre foreldre vart med på pinsevandringa på Halsnøy i år. Prestane var skodespelarar, og me fekk møte Peter og Johannes ved Gennesaretsjøen, me gjekk til "Oljeberget" og opplevde Jesu himmelfart, og me fekk vere med i øvresalen då læresveinane fekk Den Heilage Ande. Til slutt var det grillfest med hamburger og pølser grilla av frivillege. Målet med dette tiltaket er at borna skal lære om pinse og Kristi himmelfart.



Bibeldagen

Dette er trusopplæringstiltaket vårt for femte trinn. Her får femteklassingar nytestamentet Godt Nytt. Prestane var på skulebesøk på Finnøy skule og oppvekstsentra før gudstenesta. Her fortalde dei om Bibelen og Bibelselskapet. På Fogn vart femteklassingane óg inviterte til bibelgruppe heime hjå frivillege etter at dei hadde fått nytestamenta. Oppslutnaden for sokna var slik: Talgje sokn 5, Sjernarøy sokn 3 og Hesby sokn 8.



Lys Vaken

Årets Lys Vaken vart tradisjonen tru arrangert i Fogn kyrkje første søndag i advent, dette året 2.-3. desember. Den første snøen kom denne helga, og laga perfekt førjulsstemning for dei 18 sjetteklassingane som var med heile eller deler av helga. 11-åringane fekk leike i snøen, førebu gudstenesta, høyre andakter, ete pizza, sjå film og endåtil sove litt. Helga vart avslutta med gudsteneste, og sjetteklassingane deltok med song, tekstlesing, lystenning og lesing av bøner. Oppslutnaden frå sokna fordelte seg slik: Talgje 3, Sjernarøy 5 og Hesby 10.



Rotur

Roturen for 7. trinn vart i år arrangert som dagstur 4. juni. Til saman deltok ti sjuandeklassingar frå dei tre sokna våre på turen; éin fra Talgje sokn, fire frå Sjernarøy og fem frå Hesby. Me hadde med oss fem frivillege frå Sjernarøy og Hesby sokn. Terjer, Johanna og Nils Hidle legg kvart år ned ein stor innsats i planlegging og gjennomføring av roturen. I tillegg var to foreldre med i båtane. I år rodde me frå Nord-Hidle til Eik på Kyrkjøy. Me gjekk i land undervegs, grilla, hadde andakt og øvde på liturgi og salmar til gudstenesta. Det var ein nydeleg forsommandag, og nokre bada ved Sjernarøy Oppvekstsenter. Me avslutta dagen med gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Diakonmedarbeidar Ingvild Angelskår Moen var òg med oss heile dagen, og ho hadde ansvar for og gjennomførte lekgudsteneste. Ellen Raen frå Norsk Israelsmisjon heldt andakt/ preike under gudstenesta.



Open Hall



Diakonmedarbeidar Ingvild og ei ressursgruppe beståande av Jostein Østhus, Hege Kleiberg Mjølunes, Charles Olsen, Mari Berge, Brit Idsøe, Eline Bø Bleie, Tor Øyvind Skeiseid og Margretha Berge opnar annankvar fredag Finnøy Fleirbrukshall for 8. klassingar og eldre ungdomar. Medlemmane i ressursgruppa rullerer på å ha hovudansvaret kvar sin gong, og Ingvild har det administrative ansvaret. 5-6 foreldre/ føresette er med som vakter kvar gong, og frivillege har andakt. Såleis er dette eitt av tiltaka våre der flest frivillege er involverte. Faktisk er fleire enn 70 frivillege med i løpet av året!

Open Hall er trusopplærings-tiltaket vårt for 8. trinn. Hallen er likefullt open for alle elevar i ungdomsskulen og vidaregåande. Dette er eit populært tiltak med god oppslutnad på mellom 60 og 70 kvar gong. Alle sokna er representerte i dette tiltaket, og av og til kjem det óg innom ungdommar frå andre kommunedelar i Stavanger og frå andre kommunar.

I hallen kan ungdommane spele ulike ballspel, brett- og kortspel, snakke saman eller andre kjekke aktivitetar. Det er ulike aktivitetar slik at ein skal famne ulike interesser.

Konfirmasjon

Prestane våre har hovudansvaret for undervisninga av konfirmantane. Brenda og Ingvild har vore med på deler av opplegget. Konfirmantane har óg vorte delte inn i mindre grupper og vore på besøk i heimane til frivillege, der dei har hatt samtaleopplegg eller sett ein film med kristen bodskap. Me inviterte konfirmantane til musikkfestivalen Jærgårds på Klepp ein fredag kveld i august. To mødre køyrde, og 5-6 konfirmantar vart med. I år var konfirmantane på weekend på Furutangen. Konfirmantåret vart avslutta med fine konfirmasjonsgudstenester på øyane våre. Til saman vart 29 konfirmerte i sokna våre; 18 i Hesby, 8 i Talgje og 3 i Sjernarøy sokn.



TROS

Dette er eit nytt tiltak av året, og erstatter tidlegare UngdomsAlpha. Alphakurset har i fleire år vore eit tilbod for 10. klassingar drive av frivillege. Det har ikkje lukkast oss å finne frivillege som ynskjer å overta stafettpinnen, og Ingvild tok difor initiativ og oppretta TROS, som er ei kort innføring i viktige spørsmål som omhandlar det å vere ein kristen. Åtte tiandeklassingar har møttes på biblioteket to gongar etter skuletid. Ola, Terje, Brenda og Ingvild har undervist og samtala om tema “Kven er Jesus?” og “Korleis leve som kristen”?

Julevandring med barnehagen og skulen

Dagleg leiar Heidi Bø Sangedal og Ola hadde i år julevandring med barnehageborn i Fogn kyrkje. Reidun hadde julevandring i Hesby for born i Utsyn barnehage og i Talgje med born frå Talgje barnehage. Dette er ein koseleg tradisjon der både vaksne og born kler seg ut og speler ulike roller frå juleevangeliet i ei julepynta kyrkje. I år var óg Reidun og Ingvild på Sjernarøy oppvekstsenter. Der fekk dei eldste borna vere med på julevandring inne på oppvekstsenteret. Elevane på skulen var med og dramatiserte juleevangeliet og viste for dei andre. Ola og Terje hadde skulegudstenester før jul i Fogn, Jørstad, Sjernarøy og Hesby.



Påskevandring med barnehagen

Også påskevandring med Utsyn og Talgje barnehagar har blitt ein årleg tradisjon, og me set stor pris på samarbeidet med barnehagane. På Talgje kjem borna til kyrkja, medan trusopplærar besøkjer Utsyn barnehage og gjennomfører vandringa der. Borna får leite etter påskeegg som inneheld gjenstandar som høver for kvar av dagane i påkehøgtida. Dei får høyre påskeevangeliet fortalt, og dei får vere med å vifte med palmegreiner, synge og leite etter påskeegg.

